

Representanten **Silja Ekeland Bjørkly** (H) har stilt slikt spørsmål:

I sak 90/20 vedtok samferdselsutvalet merkenamn og omprofilering av kollektiveininga. Ramma for arbeidet er sett til ca 7,3 millioner med ei tidsramme på 12 månader. Kor mykje vil fylkeskommunen spare ved å utsetje profileringa til neste ordinære anbudsrunde eller til kjøp av nytt materiell?

Fylkesdirektøren:

Vestland fylke er inndelt i ulike ruteområde som vert anbudsutsett til ulik tid. Busskontraktar med Kringom-materiell har varigheit som følgjer:

- Nordfjord, går ut i 2022 med moglegheit for 2 års opsjon
- Sunnfjord, går ut i 2024 med moglegheit for 2 års opsjon
- Sogn, går ut i 2025 med moglegheit for 2 års opsjon

Då alle desse kontraktane har moglegheit for 2 års opsjon vil bussane i desse ruteområda verte omprofilert perioden 2024 - 2027 ved utløysing av opsjon. Ved å velje denne framdrifta kan ein potensielt spare opp mot heile ramma på 7,3 MNOK (ref. også sak PS 213/2020 i fylkesutvalet). Ut frå eit marknadsperspektiv vil det vere uheldig å køyre med gammal profil på ei så stor og synleg flate, mange år etter at kollektiveininga har fått nytt namn.